

Tertialrapport 2/19 – Konesjonskraftomsetjing

	2019	2020	2021	2022	2023
Budsjett 2019/Øp 20-23	70,0	70,0	65,0	65,0	65,0
Ny prognose T 2/19	70,0	77,0	72,0	67,0	67,0
Endring	0	7,0	7,0	2,0	2,0

Føresetnader Budsjett 2019/ øp. plan 2020-2023:

Budsjettføresetnadane for 2019/ økonomiplan 2020-2023 er basert på marknadsprisar og valutakursar per 30. april 2019 og kjend konesjonskraftmengde i 2019 – 366,2 Gwh. Kostnadane med kjøp av konesjonskraft inkl. innmatingsavgifter vart i T 1/19 berekna til 13,5 øre/kwh (11,42 + 2,08). Kostnader med bistand Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1,0 mill. kr.

I T1/19 vart prognosen for 2019 ikkje endra i høve opprinneleg budsjett.

For året 2019 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal – ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Jf. sikringsstrategien pkt. 5, 4 kulepunkt skal fylkeskommunen:

«ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje ligge med avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering»

Pr. 03.09.19 er andel pris- og valutasikra volum 76 %. På rapporteringstidspunktet ligg vi på normalstrategien sitt volum. Det gjenstår noko sikring i 4. kvartal.

Ny prognose 2019

Ny prognose for konesjonskraftinntektene byggjer på oppnådde prisar på sikra volum/valuta og marknads- og valutaprisar pr 03. september 2019 på usikra volum. Samla mengde konesjonskraft for 2019 er 366,2 Gwh – av dette er 278 Gwh pris-/valutasikra pr 03. september. Prisbilete no er noko lægre for 2019 sett i høve slik det var pr. 01. mai 19.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre – både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimera. Basert på erfaringar dei seinare åra samt utviklinga så langt i år vert desse samla vurdert til om lag 2,0 mill. kr. i netto inntekt i 2019. For 2018 var tilsvarande netto inntekt 0,4 mill.kr.

Samla tilseier det uendra prognose for 2019 i 2. tertial.

Ny prognose for 2019 er:

	2019
Budsjett 2019	70,0
Ny prognose T2/19	70,0
Endring	0

Prognose 2020 – 2023

Ny prognose for åra 2020 – 2023 baserar seg på samla konsesjonskraftmengde på 366,2 Gwh, oppnådde prisar på sikra volum/valuta og marknads- og valutaprisar pr 03.sept 2019.

Prisane på elektrisk kraft er noko redusert for 2020 i høve førre tertial. Men samstundes har valutakursen endra seg vesentleg i vår favør. Likeeins ser vi at utviklinga i 2019 i høve systempris/områdepris også endrar seg til «vår fordel».

Vidare vurderer fylkesrådmannen at det ligg det ei «oppside» i porteføljen viss vi tek utgangspunkt i Markedskraft sine prognosar då desse p.t ligg godt over marknadsprisane for alle åra i perioden (frå 4,2 til 6,1 EUR for åra 2020-2023).

Samla vurderer fylkesrådmannen difor at prognosen for åra 2020 – 2023 kan aukast noko for kvart år

Ny prognose økonomiplan 2020 – 2023 er:

	2020	2021	2022	2023
Budsjett 2019/Øp 20-23	70,0	65,0	65,0	65,0
Ny prognose T 2/19	77,0	72,0	67,0	67,0
Endring	7,0	7,0	2,0	2,0

Ny prognose pr T 2/19 er lik den som er spelt inn i budsjettarbeidet til Vestland fylkeskommune. I arbeidsdokument 4/19 til fellesnemnda har ein vurdert det slik at det ikkje er rom for å vidareføra «inntektsstak» for bruk av lokale inntekter i driftsbudsjettet. Det vert difor lagt til grunn at all tilgjengeleg konsesjonskraftinntekter vert budsjettet brukt i drifta av Vestland fylkeskommune.